

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FA-A20, FA-A10	21/517

Saknr	Utval	Type	Dato
048/2023	Formannskapet	PS	05.06.2023
034/2023	Kommunestyret	PS	12.06.2023
010/2023	Ungdomsrådet	PS	13.06.2023
046/2023	Kommunestyret	PS	18.09.2023

Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2022-2023

Vedlegg:

Journalposttittel

Kvalitetsmelding til handsaming for 2022-2023

Dato

24.05.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2022-2023 og tek meldinga til orientering

Saksopplysningar:

Bakgrunn/Fakta/Vurdering

Masfjorden kommune har sidan KS satsinga «Den gode barnehage- og skuleeigar» frå 2017-2019 laga felles kvalitetsmelding for skule og barnehage. Ein pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa som vert lagd fram for Kommunestyret. Rapporten er laga av oppvekstleiar i samarbeid med rektorar og styrarar. Prosessen har vore open for alle styrarar og rektorar som har hatt høve til å koma med innspel i Teams under prosessen. Ein har praktisert samskriving i dette verktøyet. Det var dialogmøte i kommunestyret i mai. Der vart rapportane for skule gjennomgått med rektorane.

Tilstandsrapporten vert send til orientering til FAU/SU og HTV- ane. Faktatala som gjeld skule er henta frå dei offentleg tilgjengelege statistikkane som finst i www.skoleporten.no og som byggjer på innrapporterte tal i GSI frå skulane, kommunane og fylkesmannen. Det er denne gangen vanskeleg å få fram tal på små einingar, noko som gjer at vi og må nytte andre verktøy for å måle trivsel.

På barnehageområdet finst det mykje mindre statistikk enn på skulefeltet. Difor har me sjølve måtta bestemma oss for kva opplysningar me vil ha med. Noko statistikk finst i årsmeldinga som blir levert til Fylkesmannen 15. desember kvart år og som er grunnlaget for dei opplysningane me finn i Barnehagefakta.no

Konklusjon

Kvalitetsmeldinga for skule og barnehage 2022-2023 vert teken til orientering.

Formannskapet - 048/2023

FS - behandling:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2022-2023 og tek meldinga til orientering

Kommunestyret - 034/2023

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Kommunestyret samla seg om å utsette saka til neste møte for å få ein grundigare gjennomgang av kvalitetsmeldinga i lys av diskusjonen i møtet.

KS - vedtak:

Saka vert utsett til neste kommunestyremøte for å få ein grundigare gjennomgang av kvalitetsmeldinga i lys av diskusjonen i møtet

Ungdomsrådet - 010/2023

UNG - behandling:

Torill orienterte om saka.

Ungdomsrådet tok saka til orientering.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

UNG - vedtak:

Ungdomsrådet tok saka til orientering.

Kommunestyret - 046/2023

KS - behandling:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2022-2023 og tek meldinga til orientering